

Tilsynsrapport

sak 2019-16

Inspeksjon av rekkverk

Statens vegvesen, vegavdeling Telemark

Saksnummer	2019-16
Publiseringsdato	16.05.2019
Tilsynslag	Stefan Karlstrøm, tilsynsleder Sverre Slettemark, fagrevisor veg Håvard Hanto-Haugse, fagrevisor juridisk
Tilsynspart	Statens Vegvesen, Region øst, vegavdeling Telemark

1. Om tilsynet

Vegtilsynet har gjennomført tilsyn med Statens vegvesen si etterleving av krav til drift og vedlikehold av rekkverk. Tilsynet vart gjennomført i Region sør, vegavdeling Telemark.

Inspeksjonen hadde fokus på følgende:

- vedlikehold
- montering
- overgangar
- avslutningar

Det vart gjennomført slutt møte med byggherre 26.04.19 for å undersøkje nærare korleis trafikkfarlege forhold ved rekkverk vert identifisert og handtert. I slutt møtet vart Vegtilsynet sine registreringar frå inspeksjonen lagt fram.

Sign.:



Trude Tronerud Andersen
direktør

Sign.:



Stefan Karlstrøm
tilsynsleiar

2. Bakgrunn

Vegtilsynet skal føre risikobasert tilsyn med at Statens vegvesen og Nye Veier AS har tilstrekkelege og effektive styringssystem som sikrar at krav til trafikktryggleik blir følgt. Å vere risikobasert inneber å prioritere tilsynsaktiviteten mot dei områda der risikoen for alvorlege trafikkulykker på vegen er størst. At tilsynet ser på styringssystemet betyr at det rettast mot relevante delar av selskapa sine styringssystem i form av revisjonar og verifikasjonar.

Vegtilsynet utarbeider kvart år eit tilsynsprogram, der vi avgjer kva tema og tilsynssaker vi skal jobbe med i programåret. Rekkverk og sideterreng er viktig for å ivareta tryggleiken til trafikantane, og vil ha stor verknad på skadeomfanget når ulykka først inntreff. Rekkverk og sideterreng er derfor eitt av tre hovudtema for tilsynsprogrammet i 2019.

I 2017 og 2018 gjorde vi fleire funn knytt til rekkverk, der spesielt manglande boltar var eit gjennomgåande problem. Dette går fram av tilsynssak 2018-19 mot Vegdirektoratet.

For å følge opp sak 2018-19 vil Vegtilsynet gjennomføre enkelte inspeksjonar av rekkverk på riksvegane. I Region sør vil det bli gjennomført ein inspeksjon.

Inspeksjonen i denne saka vart gjennomført på Ev 134, Rv 9 og Rv 41 på dagtid den 10. og 11.04.19. Det var fint opphaldsvêr og minimalt med snø på bakken. Kart over inspeksjonen ligg som vedlegg 1.

3. Mål

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen, vegavdeling Telemark, sikrar at eksisterande rekkverk på riksveg ivaretek tryggleiken til trafikantane.

4. Tilsynsresultat

Tilsynskriterium: Rekkverk på Ev 134, Rv 9 og Rv 41 innanfor driftskontrakt 0801 Vest Telemark i vegavdeling Telemark skal vere i samsvar med eksterne krav til:

- vedlikehald
- montering
- overgangar
- avslutningar

Lover og reglar gitt med heimel i lov, som har effekt på tryggleiken knytt til riksvegane, utgjør minimumskrav til tryggleik. Handbok N101 *Rekkverk og vegens sideområder* har som føremål å ivareta tryggleiken til blant andre trafikantane. Vegtilsynet har valt å undersøke etterlevinga av utvalde deler av denne handboka.

Tilsynsbevis 1

Skada rekkverk som vil kunne representere ein trafikkfare, skal reparerast snarast mogleg, jf. Handbok N101 kap. 3.2.7. Vegtilsynet gjorde 28 registreringar der rekkverk ikkje var reparert i samsvar med krav:

Tabell 1: Funn etter inspeksjon

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Manglande stolpe		EV 134 17\11,838 834-Telemark\Vinje Vinjevegen
Manglande stolpe	I overgang til bru	RV 41 5\6,112 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Manglar rekkverksstolper	Gjeld begge sider av vegen, i overgang til bru	EV 134 14\1,400 829-Telemark\Kviteseid Brunkebergvegen
Skadd rekkverk	Knekt/manglande stolpe	EV 134 19\11,432 834-Telemark\Vinje Haukelivegen
Skadd rekkverk	Ca. 10 meter langt rekkverk	EV 134 17\5,795 834-Telemark\Vinje Vinjevegen
Skadd rekkverk, betong	I sving	RV 41 5\3,909 829-Telemark\Kviteseid
Skadd rekkverk, knekte stolper	Gjeld fleire stolpar, i hårnålssving	RV 9 1\13,629 834-Telemark\Vinje Bykleheivegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe	I tunnelmunning	EV 134 1\4,148 1228-Hordaland\Odda
Skadd rekkverk, knekt stolpe	1 stolpe	Manglar koordinat
Skadd rekkverk, knekt stolpe	1 stolpe	RV 41 6\0,075 829-Telemark\Kviteseid
Skadd rekkverk, knekt stolpe		RV 41 6\0,053 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe	Gjeld 2 stolpar	KV 1041 1\0,127 829-Telemark\Kviteseid Spjotsoddvegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe	1 stolpe	RV 41 3\14,077 830-Telemark\Nissedal Nissedalsvegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe	1 stolpe	RV 41 5\3,277 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe	1 stolpe	RV 41 6\5,189 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Skadd rekkverk, knekt stolpe		EV 134 17\10,968 834-Telemark\Vinje Vinjevegen
Skadd rekkverk, manglande stolpe	Ved rekkverksavslutning	EV 134 15\9,638 833-Telemark\Tokke Høydalsmovegen

Skadd rekkverk, manglande stolpe	1 stolpe ved nedføring	RV 41 1\5,135 830-Telemark\Nissedal Høgfoss
Skadd rekkverk, manglande stolpe	1 stolpe	RV 41 3\2,002 830-Telemark\Nissedal Treungvegen
Skadd rekkverk, manglande stolpe	1 stolpe	RV 41 4\0,399 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Manglande innfesting	Tunnelmunning	
Manglande innfesting	Gjeld 2 stolpar	EV 134 2\7,409 1228-Hordaland\Odda
Manglande innfesting	Gjeld 9 stolpar	EV 134 2\7,341 1228-Hordaland\Odda
Manglande innfesting		EV 134 601\0,001 1228-Hordaland\Odda
Manglande innfesting	Innfesting i fjell	EV 134 15\10,053 833-Telemark\Tokke Høydalsmovegen
Manglande innfesting	Innfesting mot fjell	RV 41 5\5,565 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Manglande innfesting	Gjeld to stader	RV 41 5\5,808 829-Telemark\Kviteseid Kviteseidvegen
Manglande innfesting	Manglande innfesting mellom stolpe og skinne, gjeld 3 stolpar	EV 134 13\1,662 829-Telemark\Kviteseid Brunkebergvegen

Tilsynsbevis 2

Rekkverket skal alltid monterast i samsvar med leverandørens monteringsbeskriving, jf. Handbok N 101 kap. 3.3.2. Vegtilsynet gjorde 84 registreringar der rekkverk ikkje var i samsvar med krav:

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Manglande boltar	Sjå vedlegg 2	Sjå vedlegg 2 for plassering



Bilete 2: Eksempel på rekkverk med manglande boltar



Bilete 3: Manglande boltar i overgang til bru

Tilsynsbevis 3

Rekkverket skal alltid starte og avsluttast slik at det ikkje utgjer ein risiko for personskadar, jf. Handbok N 101 kap. 3.3.2. Vegtilsynet gjorde 7 registreringar der rekkverk ikkje var i samsvar med krava:

Beskrivelse	Kommentar	Plassering
Trafikkfarleg rekkverksavslutning	Knekt stolpe, manglande boltar	EV 134 20\6,597 834-Telemark\Vinje Haukelivegen
Trafikkfarleg rekkverksavslutning	Brøyteskade, påkøyrd	EV 134 20\2,873 834-Telemark\Vinje Haukelivegen
Trafikkfarleg rekkverksavslutning	Brøyteskade, påkøyrd	EV 134 19\9,117 834-Telemark\Vinje Haukelivegen
Trafikkfarleg rekkverksende		RV 41 3\2,010 830-Telemark\Nissedal Treungvegen
Trafikkfarleg innfesting av rekkverksende	I overgang til betong-rekkverk	EV 134 14\5,248 833-Telemark\Tokke Høydalsmovegen
Trafikkfarleg rekkverksovergang	Overgang til bru	EV 134 18\25,899 834-Telemark\Vinje Haukelivegen
Trafikkfarleg rekkverksovergang	2 stk	RV 41 3\12,579 830-Telemark\Nissedal Nissedalsvegen

Vegtilsynet gjer merksam på at endeavslutningane er vurdert mot dagens krav til endeavslutning, ikkje mot andre krav som eventuelt gjaldt på byggetidspunktet.

Desse registreringane vert derfor ikkje kategorisert som brot på dagens krav. Ut frå eit trafikktryggleiksperspektiv vel Vegtilsynet å ta dei med som forbettringspunkt i rapporten.



Bilete 4: Trafikkfarleg endeavslutning i 80-sone, manglande boltar og skadd stolpe

Avslutningsmøte 26. april 2019

Vegtilsynet presenterte registreringane frå inspeksjonen i avslutningsmøte med byggeleiar for vedlikehald på den aktuelle driftskontrakten den 26.04.19. Han opplyste at dei ikkje var kjend med alle dei aktuelle registreringane. Kontrakten er på 89 mil veg, og spesielt på høgfjellet skjer inspeksjon og utbetring om våren. Kva gjeld avklipte rekkverksstolpar, kan dette skuldast snøfresen, og dette oppdagar ein ikkje/får ikkje utbetra før snøen er borte.

Kva gjeld boltar er ikkje dagens inspeksjonar så detaljert at dei fangar dette opp. Byggeleiar har ein teori om at dei manglande boltane kan skyldast at ein tidlegare nytta gamle rekkverksskinnar om igjen ved montering og utbetring av rekkverk. Desse passa ikkje alltid saman godt nok til at ein fekk i alle boltane. Denne praksisen er dei gått bort frå, og dei nyttar no berre nye skinnar.

Vurdering

Vegtilsynet har kategorisert 112 registreringar som «ikkje i samsvar» med krav i Handbok N101 innanfor driftskontrakt 0801 Vest Telemark, i vegavdeling Telemark, og 7 registreringar som forbetningspunkt. Registreringane var ikkje fanga opp av Statens vegvesen, og 89 av registreringane var manglande boltar, som vegavdelinga opplyser at dei ikkje har inspeksjonsrutinar for.

Manglande inspeksjonsrutinar for boltar er allereie påvist som ein systematisk svikt i Statens vegvesen, i pågåande tilsynssak 2018-19. Vegtilsynet hadde møte med Vegdirektoratet 11. april 2019, og dei jobbar med tiltak både for å inspisere og utbetre rekkverka på riks- og fylkesvegnettet på kort sikt, samt systemtiltak for å sikre at avvika ikkje gjentek seg.

Vegtilsynet set derfor ikkje eit nytt avvik på Statens vegvesen, men rår vegavdeling Telemark til å gjere ei sjølvstendig vurdering av kor kritisk registreringane er for trafikktryggleiken, og minimum følgjer opp tiltaka som kjem frå Vegdirektoratet.

5. Konklusjon

Vegtilsynet har registrert 112 brot på Handbok N101, og 7 forbetningspunkt.

Manglande inspeksjonsrutinar for boltar er allereie påvist som ein systematisk svikt i Statens vegvesen i pågåande tilsynssak 2018-19. Vegtilsynet set derfor ikkje eit nytt avvik i denne saka.

Vedlegg 1 Kartoversikt over registreringar

Kartutsnittet viser dei 119 registreringane innanfor driftskontrakt 0801 Vest Telemark

